



Trond Lekva Myklebiust er ny leiar i båtlaget

Berre 2 var mot valet av Trond Lekva Myklebust som ny leiar i Uskedal Båtlag, men Terje Rød gjorde ein freistnad på å hindra det på formelt grunnlag.

Det førte til ein relativt høg temperatur i forsamlinga. Myklebust overtek etter veteranen Harald Erdal som

har fråsagt seg på grunn av sjukdom.

- Vi kan ikkje ha ein formann som er utan røysterett sa Terje Rød, som viste til ein paragraf i vedtektene som vart endra i fjor. Endringa gjekk ut på at ein må ha båt plass for å ha røysterett

Myklebust viste til at han hadde fullmakt frå si mor, og det vart bekrefta av valkomiteens mangeårige leiar Sigurd Myklebust Den påtroppande leiaren peika også på at alle ifølgje vedtektene kan vera medlemmer i laget.

Sigurd Myklebust hadde ikkje hatt problem i år og tykte det var trist at det vart bråk om valet også denne gongen.

Dei som ellers sit i styret etter årsmøtet er Knut Lie (ny), Espen Eik, Jan H. Hansen (ny) og Gunnar Leite. Varamenn er Øystein Koløy og Johannes Hjørnevåg.

I årsmeldinga heitte det at Johan Sunde hadde gjort ein framifrå jobb som hamnevert og styret håpar at han held fram med den. Han skal no etter vedtak i årsmøtet få ei viss godtgjersle for jobben og styret får fullmakt til å bestemma kor stor den skal vera.

Meldinga opplyste ellers mellom anna at talet på gjestedøgn enda omtrent på det same som året før og at festeavtalen med kommunen no er tinglyst.

Ein annan opplysning var at det har vore mykje usemje i hamna det siste året-

- Slik kan vi ikkje ha det, står det i årsmeldinga.No skjer det ein vedtektsendring som slår fast at konflikter skal tas opp direkte med styret.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen